

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.6.22

Stad: Fjordsenteret

### Sak 22/22. Plan for fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning 2022

#### **Saksopplysning/vurdering:**

Fjellstyret vedtek til vanleg ein plan for utsetjinga før kvar sommar. I dei regulerte vatna skjer fiskeutsetjinga i samsvar med reguleringspålegg til E-co. Desse vatna vert såleis ikkje omfatta av fjellstyret sin plan for fiskeutsetjing. Når utsetjingsplanen for dei uregulerte vatna vert laga, vert det teke omsyn til kva som er utsett dei siste åra, arealet til vatna, fiskeintensitet, og erfaringar med tidlegare nytta utsetjingsnivå. Arealet til vatna vert henta ut frå fiskestellplanen for Aurland kommune, som vart utarbeidd i 1999. Erfaringa så langt, er at denne praksisen har gjeve høvelege bestandar med fin fisk i dei aller fleste av dei uregulerte vatna.

I forvaltingsplanen for Aurland statsallmenning er det m.a. sagt følgjande:

*«For å halda oppe fiskebestandane er fiskeutsetjing naudsynt i dei fleste vatna. Totalnivået på den årlege fiskeutsetjinga i uregulerte vatn i statsallmenningen bør liggja på 5-7000 sommargamle setjefisk. I tillegg kjem Hafslund E-CO sine pålagde utsetjingar i regulerte vatn. All fisk vert kjøpt frå Aurland Setjefisk sitt anlegg. 5-10 setjefisk pr. hektar vassareal er høveleg årsgjennomsnitt i vatn der det vert fiska ein del. Talet bør ikkje overstiga 20 sommargamle setjefisk pr. ha. i noka einskildutsetjing. Erfaring viser at høgare utsetjingstal kan gje for tette bestandar. Fjellstyret vil halda på ein utsetjingsturnus som inneber utsetjing annakvart år i vatn der det vert fiska ein del, sjeldnare i vatn der det vert lite fiska. Fjellstyret vil redusera fiskeutsetjingane i vatn der det syner seg at det har vorte for tette bestandar. Utsetjinga av fisk bør i hovudsak framleis gjerast på dugnad av interesserte bygdefolk. Som påskjøning for innsatsen vert dei som er med tildelte eit sesongkort for garnfiske».*

Det har vist seg at det kan løna seg å vera varsam med kor mykje ein set ut, og heller setja ut litt i mindre enn å risikera at det vert for tette bestandar. Dette er ein strategi som har vore nytta på heile 90- og 2000-talet, med særst gode resultat i mange vatn, når ein ser på dei flotte fangstane som er tekne opp både på garn og sportsfiske dei siste sesongane. Utsetjingsplanen som ligg ved er laga på grunnlag av føringane i forvaltingsplanen og dei opplysningane fjellstyret har om dei einskilde vatna.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning sommaren 2022 vert gjennomført i samsvar med plan som ligg ved saka. Det vert tinga 6000 setjefisk frå Aurland Setjefisk SA.

Fjellstyrekontoret, den 7.6.22

Harald Skjerdal

## FISKEUTSETJINGA I AURLAND STATSALLMENNING 2022 - plan

| Vatn                             | m.o.h.  | Areal<br>hektar | Sist<br>utsett | Framlegg         | Utsetjar |
|----------------------------------|---------|-----------------|----------------|------------------|----------|
| Tissedalsvatnet                  | 1408    | 45              | 2019           | 400              |          |
| Grønebergvotni                   | 1434    | 10              | 2019           | 200              |          |
| Heimste Kjeldhusnosvatnet        | 1472    | 52              | 2020           | 400              |          |
| Fremste Kjeldhusnosvatnet        | 1450    | 33              | 2019           | 300              |          |
| Veiverdalsvatnet, store          | 1365    | 16              | 2017           | 200              |          |
| Veiverdalvatnet, øvre            | 1372    | 4               | 2017           | 100              |          |
| Heimste Ljosegrunnsvatnet        | 1456    | 25              | 2019           | 300              |          |
| Fremste Ljosegrunnsvatnet + elvi | 1451    | 10              | 2017           | 150              |          |
| Ljosegrunnsstrupen               | 1460    | 15              | 2019           | 150              |          |
| Øvste Sleipåvatnet               | 1507    | 20              | 2019           | 200              |          |
| Mell. Sleipåvatnet               | 1460    | 20              | 2019           | 200              |          |
| Småvatn Sleipåfjellet            | 1513-34 | 20              | 2018           | 300              |          |
| Holmavatnet                      | 1525    | 91              | 2020           | 800              |          |
| Store Liavatnet                  | 1498    | 280             | 2019           | 800              |          |
| Vatn ved Bolhovdskarvet          | 1546    | 10              | 2018           | 200              |          |
| <b>Sum Austfjelli</b>            |         |                 |                | <b>4600</b>      |          |
| Langavatnet Holene               | 1346    | 12              | 2018           | 150              |          |
| Øvre Katlanosvotni               | 1429    | 8               | 2018           | 150              |          |
| Mell. Mellomvatnet               | 1453    | 45              | 2019           | 400              |          |
| Mellomvotni mot Håskard          | 1471    | 34              | 2019           | 300              |          |
| Øvre Grovgjuvatnet               | 1433    | 12              | 2018           | 200              |          |
| Småvatn Storshovden, 3 stk       | 1450-70 | 15              | 2018           | 200              |          |
| <b>Sum Vestfjelli</b>            |         |                 |                | <b>1400</b>      |          |
|                                  |         |                 |                |                  |          |
| <b>Totalt</b>                    |         |                 |                | <b>6.000 stk</b> |          |
|                                  |         |                 |                |                  |          |